

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sin tilskotsordning «Museumsløft»

Lagt fram til vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering den 13.01.22

Føremål

Tilskotsordninga har som mål å styrke dei konsoliderte musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025, Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027 og Utviklingsplan for Vestland 2020–2024. Det er eit overordna mål at dei konsoliderte musea i Vestland skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Kva kan støttast

- Vøling av kulturhistoriske bygg forvalta av musea i Vestland
- Tiltak som bidreg til styrking av fellesløysingar for musea i Vestland

Kven kan søkje

Dei ti konsoliderte museumseiningane Baroniet Rosendal, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, KODE -Kunstmuseer og komponisthjem, Musea i Sogn og Fjordane, Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Kraftmuseet - Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Olav H. Hauge-senteret og Sunnhordland museum.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot er 1.september.

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

- Dei ti konsoliderte musea kan sende inn ein søknad kvar på eit prioritert tiltak knytt til kulturhistoriske bygg. I tillegg kan museet sende inn ein eller fleire fellessøknader med eit eller fleire av dei andre konsoliderte museum.
- Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema som skal nyttast ved søknad til Vestland fylkeskommune. Søkjær må gje kontaktinformasjon som namn, adresse, telefonnummer og organisasjonsnummer.
- Søknaden må innehalde prosjektomtale med god skildring av tiltaket og bakgrunn for søknaden. Det må leggast vekt på musea sin rolle som samfunnsaktør og ein eller fleire av dei fire f-ane forvalting, forsking, formidling og fornying. Budsjett skal leggjast ved. Det skal opplysts om gjennomføringsperiode. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv. skal det gjerast tydeleg at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport.
- Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er offentlege.
- Avdeling for kultur, idrett og inkludering førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i utval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjenvært i saksframlegget. Vedtak som avvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjenvært.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad

- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Kvalitet på tiltaket
- I kva grad ei tildeling vil løyse særlege utfordringar

Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsengetsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført, og seinast innan 1.desember året etter at tildelingsbrev er motteke.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Det må søkjast særskilt om utset rapporteringsfrist. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Det er mogleg å søkje om delutbetaling (inntil 50 %) av tilskotet ved oppstart eller undervegs i arbeidet.
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. De har sjølv ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.
- Rapporten skal gje ei kort skildring av:
 - Når og korleis tiltaket vart gjennomført.
 - Om vilkår/føresetnader for tiltaket er gjennomført. Eventuelle avvik frå vilkåra skal grunngjenvast. Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) skal grunngjenvast.
 - I kva grad målsettinga med tiltaket er oppnådd.
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Dei som får tilskot til publikasjonar skal levere minimum 1 eksemplar av denne til Vestland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

Klage

- Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker mottok melding om vedtaket.
- Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen eller til post@vlfk.no merka "Museumsløft, Klage".
- Vi gjer merksam på at søkerar etter Forvaltingslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av § 18 og 19.